

## **RETKLA1101 Eksamensoppgåve (haust 2011)**

Du må levere svaret i Fronter innan 15.12 kl.14.00.

Svaret skal vere på 8-10 sider à 2300 teikn utan mellomrom, bibliografi ikkje rekna med.

Svar på ei av dei fire oppgåvene:

### 1. Analytisk oppgåve: *Om mordet på Eratosthenes*

Gi ei retorisk analyse av talen til Lysias *Forsvarstale for mordet på Eratosthenes* (talen finst i oversetting og med innleiing i *Klassisk talekunst*). Analysen skal ta utgangspunkt i følgjande omgrep (utan at alle må vere med): bevismiddel, talesjanger, *kairos*, *inventio*, *dispositio*, *elocutio*, *memoria*, *actio*, enthymem og eksempel.

### 2. Teoretisk oppgåve: Platon og sofistane

Sofistane er viktige motstandarar i fleire Platondialogar. Kva tykte Platon om retorikken? Er synspunkta hans rimelege? Diskuter Platons forhold til retorikken, gjerne med utgangspunkt i dialogen *Gorgias*.

### 3. Teoretisk oppgåve: Utdanninga til talaren

Kva bør ein god talar kunne? Diskuter kort antikke synspunkt på utdanninga til talaren, med vekt på forholdet mellom retorikk på den eine sida og filosofi og vitskap på den andre. Trekk inn klimadebatten me har i dag: På kva måte kan klimadebatten reflektere problemstillingar i den antikke diskusjonen om utdanninga til ein talar? Kva for antikke synspunkt kan vere nyttige for å bringe klimadebatten vidare?

### 4. Teoretisk oppgåve: Elocutio og actio

Gi eit kort oversyn over hovudtrekk i læra om elocutio (utforming) og actio (framføring) i antikk retorikk. Kva aktualitet har denne læra for analysen av argumentasjonsformer i politikk og samfunnsliv i dag, der medium som avis, TV, radio og internett spelar ei stor rolle? Utdjup med eitt eller to eksempel frå nemnte media.



